

## **Sak 41/2025      Rullering av handlingsdelen i klimaplanen**

### **Bakgrunn**

I rådsmøtet 4. februar 2025 vart det vedteke å starte opp arbeidet med rullering av handlingsdelen i klimaplanen.

**Lenke til felles klimaplan for Vest-Telemark:** [Klimaplan for Vest-Telemark](#)

### **Sak 04/2025 vedtak:**

- 1) Vest-Telemarkrådet vedtek å starte opp arbeidet med å revidere handlingsdelen i klimaplanen for Vest-Telemark i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.*
- 2) Vest-Telemarkrådet og klimaforumet vil omarbeide handlingsdelen før han vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.*
- 3) Høyringsperioden blir koordinert av Vest-Telemarkrådet, og innkomne høyringsinnspel vil bli samanfatta og vurdert av klimaforumet.*
- 4) Revidert handlingsplan vil etter høyring, kome opp som sak i Vest-Telemarkrådet og deretter i kvar av kommunane.*
- 5) Tiltaksdelen vert rullert 2. kvart år.*

### **Status på planen**

Planen har status som kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Den er vedteke i kvart kommunestyre etter plan- og bygningslova.

Planen er difor bindande som styringsverktøy for kommunen.

### **Prosess**

Det har vore gjennomført ei mindre rullering for å revidere tiltak i handlingsdelen. Målet med rulleringa har vore å revidere tiltaka, slå saman, presisere og prioritere tiltak.

Kunnskapsgrunnlaget i felles klimaplan, satsingsområde og målsetjingar skal ikkje rullerast i denne omgang.

Tal tiltak i handlingsplanen har blitt redusert frå 59 til 35 tiltak av klimaforum.

- Det er gjort ei vurdering av prioritering der nokre tiltak frå kvart tema har gått ut.
- Nokre formuleringar har vore for vage og er gått ut.
- Nokre tiltak er slått saman.
- Lovpålagde krav er teke ut.
- Tiltak som er gjennomført er teke ut.

Planen har vore på intern høyring i kvar kommuneadministrasjon i mai og juni.

### **Sjå vedlegg 1** Handlingsdel i klimaplanen 2025

Planen har vore på offentleg høyring frå 2. juli til 19. september 2025. Det var utlysing av høyring i VTB 2. juli, på kommunane og Vest-Telemarkrådet sine heimesider og Facebook og i friskus appen for dei som brukar det. Høyringsfristen var 19. september. Varsel om høyring på e-post 2. juli gjekk til: Statsforvaltaren, Fylkeskommunen, Renovest, IATA, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, skogeigarlaga og naturvernforbundet.

Anne-Sofie Bergene Strømme, plan- og miljørådgjevar i Vinje kommune, har teke imot høyringssvar og formidla til klimaforum. Innspela har vore gjennomgått og diskutera i klimaforum.

### **Sjå vedlegg 2** Vurdering av innspel etter offentleg høyring og ettersyn

Det er ikkje sett målbare mål for enkelt tiltak i denne rulleringa. Dette må vurderast ved ei full rullering og i så tilfelle utgreiast korleis ein skal måle med tanke på referanseår, indikatorar og tilgjengelege data.

Ei liste med gjennomførte tiltak etter planen vart vedteke i 2022/2023, er inkludert i handlingsdelen for å syne kva kommunane og klimaforum har arbeidd med.

Det er lagt opp til at kvar kommune sjølv vel kva tiltak som skal prioriterast i den enkelte kommune. Klimaforum jobbar for felles gjennomføring av tiltak, kunnskapsdeling og kompetanseheving på tvers av kommunane.

Frå sakspapira ved oppstart av arbeidet med klimaplanen står det: *Det er viktig å oppretthalde engasjementet og viljen til å sette tiltaka ut i livet. Det vert difor foreslått å nedsette eit forum/utval bestående av ein representant frå kvar kommune og der Vest-Telemarkrådet er sekretariat. Mandatet til eit slikt klimaforum vil vera å prioritere, initiere og gjennomføre/koordinere tiltak i handlingsdelen. Klimaforumet vil invitere inn fagpersonar frå kommunane og ekstern bistand utifrå behov og satsingsområde. Vest-Telemarkrådet vil vera ansvarleg for å organisere møta i forumet og trygge framdrift i koordinering og iverksetting av tiltak.*

Fyresdal kommune vedtok eigen handlingsdel i 2023, men vil ved denne rulleringa vurdere felles handlingsdel med dei andre kommunane i Vest-Telemark.

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet rår kommunestyra til å vedta handlingsdelen i klimaplanen slik den ligg føre.***